



Ingeniør Aarland AS
Eidsvågbakken 1
5105 EIDSVÅG I ÅSANE

Referanser:
Dykker:
Vår: 16/3529 - 17/1200

Saksbehandlar:
Knut Bjørnevoll
KBJ@lindas.kommune.no

Dato:
18.01.2017

Dispensasjon og løyve til rehabilitering og tilbygg - gbnr 125/11 Kjeilen

Administrativt vedtak. Saknr: 016/17

Tiltakshavar: Bjørn Uthaug

Ansvarleg søker: Ingeniør Aarland AS

Søknadstype: Søknad om løyve til tiltak med ansvarsrett etter plan- og bygningslova (tbl.) §§ 20-1 og 20-3.

Saksutgreiing:

Tiltak

Saka gjeld søknad om oppføring av tilbygg til uthus (driftsbygning) med bygd areal (BYA) 68 m². I tillegg skal eksisterande uthus oppgraderast. Bygningen skal nyttast til reiskapshus og garasje. Det er søkt om dispensasjon fra LNF-føremålet i kommunedelplanen LINDÅSNESET MED MONGSTAD.

Det vert elles vist til søknad motteken 05.11.2016.

Sakshandsamingsfrist


Søknaden var komplett då han var motteken 05.11.2016. Frist for sakshandsaming etter plan- og bygningslova (tbl.) § 21-7 er 12 veker frå søknaden vart motteken, det vil seia den 27.01.2017.

Forholdet til naboor

Naboar er varsla, i samsvar med reglane i plan- og bygningslova § 21-3. Ingen merknader er registrert i saka.

Planstatus

Eigedomen ligg i uregulert område innanfor det som i kommunedelplanen LINDÅSNESET MED MONGSTAD sin arealdel er definert som LNF. Tiltaket krev dispensasjon frå LNF- føremålet.

Kommuneplan	Oversikt
	
Situasjonsplan	Eksisterande uthus og areal planert for tilbygg
	

Uttale frå anna styresmakt

Det er ikkje henta inn uttale frå anna styresmakt. Kommunen legg til grunn at søknad om dispensasjon på grunn av tiltaket si art og plassering ikkje skal sendast på høyring til Fylkesmannen i Hordaland, jf. fylkesmannen sitt brev av 31.01.2012. Fylkesmannen i Hordaland får vedtaket til klageurdering.

Dispensasjonssøknaden

Er grunngjeven med at søknaden gjeld oppgradering av eksisterande bygning i dårlig forfatning, og litt utviding av denne.

Plassering

Plassering av tiltaket er vist på situasjonsplan datert 16.06.2016.

Vatn og avløp (VA)

Ingen endringar

Tilkomst, avkjørsle og parkering

Ingen endringar

Terrenghandsaming

Ingen større inngrep

Visuelle kvalitetar

Tiltaket skal prosjekterast og utførast slik at det etter kommunen sitt skjønn har gode visuelle kvalitetar både i seg sjølv, og i høve til tiltaket sin funksjon, bygde og naturlege omgjevnader og plassering, jf. pbl. § 29-2.

Flaum, skred og andre natur- og miljøtilhøve

Ansvarleg søker har erklært at tiltaket ikkje skal plasserast i eit område der det er fare for flaum, skred eller andre natur- og miljøtilhøve som krev særskilte undersøkingar eller tiltak. Kommunen legg denne vurderinga til grunn for vedtaket.

Tekniske krav til byggverk

Tiltaket skal prosjekterast og førast opp i samsvar med forskrift om tekniske krav til byggverk (TEK), jf. pbl. § 29-5.

Avfallsplan

Tiltaket har ikkje krav til avfallsplan etter TEK § 9-6.

Alt avfall skal leverast som næringsavfall til mottak godkjent av forureiningsstyresmakta.

VURDERING

Dispensasjon

Det er to vilkår som må vere oppfylt for å gje dispensasjon etter pbl. § 19-2.

For det første må dei omsyna som ligg bak føresegna det dispenserast i frå ikkje verte vesentleg tilsidesett.

For det andre må fordelane ved å gje dispensasjon vere klart større enn ulempene, etter ei samla vurdering.

Ved dispensasjon frå planar skal det leggjast særleg vekt på nasjonale og regionale rammer, og det bør ikkje gjevast dispensasjon frå planar når ei direkte råka statleg eller regional styresmakt har gjeve negativ uttale til søknaden, jf. pbl. § 19-2 (4).

Ved dispensasjon frå lov og forskrift skal det leggjast særleg vekt på dispensasjonen sine konsekvensar for helse, miljø, tryggleik og tilgjenge.

Kommunen kan setje vilkår for dispensasjonen, jf. pbl. § 19-2. Vilkåra må ligge innanfor ramma av dei omsyn lova skal ivareta, og det må vere ein naturleg samanheng mellom dispensasjon og vilkår, til dømes slik at vilkår så langt som mogleg kompenserer for ulepper dispensasjon kan medføre, jf. Ot.prp. nr. 56 (1984-85) s 102.

I vurdering av fordelar og ulepper har kommunen lagt særleg vekt på at tiltaket går ut på å ta vare på og oppgradera eksisterande bygningsmasse og at det ikkje er nokon form for konflikt i saka.

Etter ei samla og konkret vurdering finn kommunen at vilkåra er oppfylt for å gje dispensasjon frå LNF-føremålet i kommuneplanen.

Plassering

Tiltaket vert godkjent plassert slik det går fram av søknaden.

Visuelle kvalitetar

Tiltaket har etter kommunen sitt skjønn gode visuelle kvalitetar, både i seg sjølv og i høve til si funksjon, og dei bygde og naturlege omgjevnader og plassering, jf. pbl. § 29-2.

Vurdering etter naturmangfaldslova

er ikkje aktuelt, då tiltaket gjeld arbeid på og inntil eksisterande bygg

Privatrettslege tilhøve

Tiltaket berører ikkje andre eigedommar.

Tiltaksklasse

Kommunen legg sokjar si vurdering av tiltaksklasse til grunn.

VEDTAK:

**Med heimel i plan- og bygningslova § 19-2 vert det gjeve dispensasjon frå arealføremålet i
kommuneplanen for oppføring av tilbygg og rehabilitering av uthus.**

**Med heimel i plan- og bygningslova § 20-1, jf. pbl § 20-3 vert det gjeve løye til tiltak i eitt-trinn
for oppføring av tilbygg og rehabilitering av uthus på følgjande vilkår:**

- 1. Tiltaket skal plasserast som vist i situasjonsplan datert 16.06.2016 med heimel i
pbl. § 29-4, jf. SAK § 6-3.**

Mynde

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 23 nr 4 og
gjeldande delegeringsreglement.

Klage

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til
kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker frå melding om vedtak er motteke. Det er nok at klagen
er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det
vert klagt på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjenvært. Føretak som har fått avslag
på søknad om ansvarsrett har særskilt rett til å klage over dette vedtaket. Før det kan reisast søksmål om
vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høve til å klage på vedtaket vere nytta fullt ut, jf. fvl. § 27b.

Kopi av dette vedtaket, samt andre saksdokument, skal alltid vere tilgjengeleg på byggeplassen.

Ved all vidare kontakt i denne saka, referer til saknr.: 16/3529

Ansvar

Tiltakshavar er ansvarleg for at byggverket vert oppført i tråd med føresegner gjeve i eller i medhald av plan- og bygningslova, jf. pbl. § 23-1, 2. ledd. Om søknaden er i strid med offentlege føresegner gjeld føreseggnene før løyvet. Vedtak etter plan- og bygningslova inneber ikkje avgjerd i privatrettslege tilhøve, jf. pbl. § 21-6.

Bortfall av løyve

Om byggearbeidet ikkje er sett i gang innan 3 år etter at dette løyvet er gitt, eller vert innstilt i lengre tid enn 2 år, fell løyvet bort, jf. pbl. § 21-9. Dette gjeld også dispensasjonsløyvet.

Avfall

Alt avfall som tiltaket fører med seg skal leverast til mottak godkjent av forureiningsstyresmakta.

Mellombels bruksløyve/Ferdigattest

Tiltaket skal avsluttast med ferdigattest, jf. pbl. § 21-10 og SAK § 8-1. Ingen delar av byggverket må takast i bruk før ferdigattest eller mellombels bruksløyve ligg føre.

Med helsing

Siril Sylta
avdelingsleiar

Knut Bjørnevoll
saksbehandlar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Vedlegg:

Søknad om løyve til tiltak i eitt-trinn - gbnr 125/11 Kjeilen

Kopi til:

Bjørn Uthaug Fylkesmannen i Hordaland	Sælenveien 68 E Postboks 7310	5143 5020	FYLLINGSDALEN Bergen
--	----------------------------------	--------------	-------------------------

Mottakarar:

Ingeniør Aarland AS	Eidsvågbakken 1	5105	EIDSVÅG I ÅSANE
---------------------	-----------------	------	-----------------